

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Desisjon av møtebøkene i fylkesutvalet og hovudutvala

Gjennomgang basert på stikkprøvekontroll av møtebøkene frå
fylkesutvalet og hovudutvala 2014

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Føremål og problemstillingar	4
2	Metode.....	4
2.1	Dokumentanalyse	4
2.2	Kontrollerte vedtak	4
2.3	Uttale	5
3	Kontrollkriterium	5
4	Vedtak og vurderingar.....	5
4.1	Fylkesutvalet (4 saker).....	5
4.1.1	Sak 12/14 – Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014.....	5
4.1.2	Sak 48/14 – Førde kommune – kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 - 2026..	6
4.1.3	Sak 64/14 – Utpeiking av kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS .	6
4.1.4	Sak 121/14 – Omklassifisering/ending av fylkesveg 121 i Vik som følge av utviding av Vik fengsel	7
4.2	Hovudutval for opplæring (1 saker)	7
4.2.1	Sak 7/14 – Revidert plan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014 - 2017	7
4.3	Hovudutval for plan og næring (2 saker).....	8
4.3.1	Sak 27/14 – Utvida tilskot til Solund kommune	8
4.3.2	Sak 62/14 – Utviklingsavtale med HAFS 2014 - 2015	8
4.4	Hovudutval for samferdsle (1 sak)	8
4.4.1	Sak 31/14 – Kostnadar med installasjon av digitalt naudnett (TETRA) og digital radio (DAB) i tunnelar.	8
4.5	Hovudutval for kultur (1 sak)	8
4.5.1	Sak 19/14 - Lærdal gb.nr 45/49 – Synneva Eris hus, Husfred	8
5	Oppsummering	9

[Vedlegg 1](#) – Oversending av vurderingar frå Deloitte AS, datert 10.09.14, revidert versjon

[Vedlegg 2](#) – Uttale frå fylkesrådmannen

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i 2013 å gje kontrollsjefen i oppdrag å gjennomføre framtidige stikkprøvekontrollar av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala med innleidd kompetanse der kontrollsjefen vurderer det som nødvendig.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med stikkprøvekontrollen er å kontrollere

1. om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
2. om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
3. om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

I tillegg vert det bedt om ei vurdering av fylkeskommunen sin praksis for protokollering av møta i finansutvalet og planutvalet.

2 Metode

Kontrollsjefen har gjennomført saka ved å gjere førebuande arbeid som å lage oversikt over saker som er handsama i dei forskjellige utvala, gjere uttrekket av saker til stikkprøvekontrollen og skrive rapporten på grunnlag av undersøkinga. Vurderingane av vedtaka i dei utvalde sakene i høve til punkta i føremålet er utført av Deloitte AS (Vedlegg 1).

2.1 Dokumentanalyse

Det vart i 2014 gjennomført 17 møte i fylkesutvalet, der det vart gjort 116 endelege vedtak. Hovudutvalet for opplæring gjennomførde 7 møte og det vart gjort 20 endelege vedtak. Hovudutvalet for plan og næring gjennomførde 9 møte med 66 endelege vedtak. Tala for hovudutval for samferdsle var 10 møte med 32 endelege vedtak, og for hovudutvalet for kultur 9 møte med 44 endelege vedtak.

2.2 Kontrollerte vedtak

Det er trekt ut 9 saker til stikkprøvekontrollen. Fire av sakene er frå fylkesutvalet, to saker er frå hovudutval for Plan og næring, medan hovudutval for opplæring, hovudutval for samferdsle og hovudutval for kultur har to saker kvar med i kontrollen.:

Fylkesutvalet

Kap.nr	Sak nr	Sak
4.1.1	12/14	Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014
4.1.2	48/14	Førde kommune – kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 - 2026
4.1.3	64/14	Utpeiking av kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS
4.1.4	121/14	Omklassifisering/ending av fylkesveg 121 i Vik som følge av utviding av Vik fengsel

Hovudutval for opplæring

Kap.nr	Sak nr	Sak
4.2.1	7/14	Revidert plan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014 - 2017

Hovudutval for plan og næring

Kap.nr	Sak nr	Sak
4.3.1	27/14	Utvida tilskot til Solund kommune
4.3.2	62/14	Utviklingsavtale med HAFS 2014 - 2015

Hovudutval for samferdsle

Kap.nr	Sak nr	Sak
4.4.1	31/14	Kostnadar med installasjon av digitalt naudnett (TETRA) og digital radio (DAB) i tunnelar

Hovudutval for kultur

Kap.nr	Sak nr	Sak
4.5.1	19/14	Lærdal gb.nr. 45/29 – Synneva Eris hus, Husfred, sak 19/14

2.3 Uttale

Fylkesrådmannen har hatt utkast av rapporten til uttale, og har i sin høyringsuttale knytt kommenterer til to punkt i rapporten. Det er rett som fylkesrådmannen påpeikar vedkomande høyringsuttale (pkt 2.3).

Fylkesrådmannen peikte i sin høyringsuttale på at revisor sine kommentarar til FU-sak 64/14 er irrelevant når det gjeld å trekkje inn kapittel 4.1 i delegerings- og innstillingsreglementet.

Revisor har kome med ein revidert uttale om denne saka der vurderinga er endra. Konklusjonen til revisor vert ståande som før med at fylkesutvalet gjorde vedtak i samsvar med punkt 4.1 i delegerings- og innstillingsreglementet.

Fylkesrådmannen sin uttale er vedlagt rapporten (vedlegg 2).

3 Kontrollkriterium

Kontrollkriterium er dei krav og forventningar som vedtaka vert kontrollert opp mot. I denne stikkprøvekontrollen er dei innsamla data vurdert opp mot delegerings- og innstillingsreglement (sjå portalen), budsjettreglement (vedteke i FT-sak 50/14), reglement for politiske utval (sjå portalen), aktuelt lov- og regelverk, budsjettvedtak, føremål og rammene av vedtak i fylkestinget.

4 Vedtak og vurderingar

4.1 Fylkesutvalet (4 saker)

4.1.1 Sak 12/14 – Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014

Vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at Riksantikvaren vil delegerer fleire oppgåver til fylkeskommunane, og er positive til slik overføring til det folkevalde fylkesnivået. Det må følgje naudsynte økonomiske ressursar med for å kunne ta imot arbeidskrevjande oppgåver på ein god måte.

2. Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanalisert inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene må der omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen føreset at staten skal finansiere oppgåver som til no har vore utført på statlege side ved tilsvarende innsparingar på statleg side.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek elles brevet frå Riksantikvaren av 28.11.13 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2014 til vitande.

Vurdering

Denne saka blei først handsama i hovudutval for kultur som ga tilråding om vedtak til fylkesutvalet. Deloitte har fått opplyst frå fylkeskommunen at grunnen til at fylkesutvalet fatta vedtak i denne saka mellom anna var at fylkesutvalet har mynde på deler av det området saka gjeld.

Vedtaket er i samsvar med punkt 4.2 i delegerings- og innstillingsreglementet.

4.1.2 Sak 48/14 – Førde kommune – kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 - 2026

Vedtak:

1. Fylkesutvalet meiner at kommuneplanen tek tak i sentrale utfordringar for Førde kommune som samfunn og organisasjon. Plandokumentet vil vere eit viktig styringsdokument når satsingsområda vert følgd opp i handlingsdelen og økonomiplanen
2. Fylkesutvalet rår til at kommunen i arbeidet med handlingsdelen definerer kva oppgåver kommunen kan løyse internt og kva oppgåver kommunen treng hjelp til frå fylke og stat.
3. Fylkeskommunen er innstilt på å gå i dialog med Førde kommune med sikte på å finne samarbeidsløysingar på område der fylkeskommunen kan bidra.
4. Fylkesutvalet rår til at kommunen i det vidare planarbeidet vurderer dei innspela som ligg i saksutgreiinga.

Vurdering

Punkta 1-3 i vedtaket er i samsvar med punkt 3.37, i delegerings- og innstillingsreglementet.

4.1.3 Sak 64/14 – Utpeiking av kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS

Vedtak:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande kandidatar som medlemmar i styret for Sogn og Fjordane Holding AS for perioden juni 2014 til juni 2016:

Styreleiar: Åshild Kjelsnes

Nestleiar: Anders Ryssdal

Medlem: Noralv Distad

Varamedlemmar i prioritert rekkefølge:

1. Varamedlem: Nils P. Støyva
2. Varamedlem: Anita Nybø
3. Varamedlem: Marit Barsnes Krogsæter

Vurdering

På bakgrunn av tilbakemelding frå fylkesrådmannen har vi gjort fornya vurdering av dette vedtaket.

I saksutgreiinga knytt til saka står det at fylkesutvalet tidlegare har gjort vedtak om utpeiking av fylkeskommunale representantar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS, sist i sak 40/12 i fylkesutvalet. I fylkeskommunen si eigarmelding frå 2014 står det at fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjev tilråding til generalforsamlinga om val av styre. Fylkesordføraren fungerer som generalforsamling. Etter aksjelova § 6-3 vel generalforsamlinga styret. Vi antek at fylkesutvalet sitt vedtak er ei slik tilråding til generalforsamlinga som nemnd i eigarmeldinga. Vi kjenner ikkje til vedtak der det går fram at fylkesutvalet har mynde til å tilrå kven som skal sitte i styret i dette selskapet. Vi meiner likevel at gitt det arbeidsområdet som selskapet skal ha, er det naturleg at fylkesutvalet fattar vedtak der dei utpeiker kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS. Vedtaket er derfor i samsvar med punkt 4.1 i delegerings- og innstillingsreglementet, fjerde avsnitt.

4.1.4 Sak 121/14 – Omklassifisering/endring av fylkesveg 121 i Vik som følge av utviding av Vik fengsel

Vedtak:

1. 880 meter av dagens fylkesveg 121 i Vik sentrum vert omklassifisert til kommunal veg
2. 900 meter av dagens kommunale veg i Elvegata vert omklassifisert til fylkesveg 121
3. Omklassifiseringane vert gjort gjeldande når det er sett opp rekkverk langs Elvegata og gjort trafikkregulerande tiltak mellom Vange bru og kryss ved Vik fengsel.

Vurdering

Punkta 1-3 i vedtaket er i samsvar med punkt 3.8 i delegerings- og innstillingsreglementet..

4.2 Hovudutval for opplæring (1 saker)

4.2.1 Sak 7/14 – Revidert plan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014 - 2017

Vedtak:

1. Utviklingsplanen vert vedteken som framlagt.
2. Planen skal evaluerast og rullerast innan desember 2017
3. Iverksetjing av kostnadskrevjande tiltak i utviklingsplanen må skje igjennom budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Vurdering

Punkta 1-3 i vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4. delegerings- og innstillingsreglementet.

4.3 Hovudutval for plan og næring (2 saker)

4.3.1 Sak 27/14 – Utvida tilskot til Solund kommune

Vedtak:

- Solund kommune får utvida tilskot på inntil kr 250.000 til fiberutbygging i Hardbakke. Løyvinga vert dekkta med restmidlar frå tidlegare år.

Vurdering

Vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet punkt 2.5.5.

Etter revisjonen si vurdering er vedtaket og saksutgreiinga ikkje tydeleg med omsyn til kva restmidlar som skal nyttast til finansiering av tilskotet. Frå fylkeskommunen får revisjonen opplyst at tilskotet gjeld statlege midlar sett av til breiband..

4.3.2 Sak 62/14 – Utviklingsavtale med HAFS 2014 - 2015

Vedtak:

1. Utkast til avtale mellom HAFS regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune, vert vedteken slik den ligg føre, datert 18.07.14.
2. HAFS regionråd får ei løyving på kr. 550.000 for 2014. Løyving for 2015 vert gjort etter vedtak av budsjettet for 2015.
3. Løyvinga vert dekt av budsjetterte midlar på Tenesteområde 7152 Satsingsområde Regionvise utviklingsprogram.

Vurdering

Punkt 1 i vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4 i delegerings- og innstillingsreglementet. Punkta 2 og 3 i vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet punkt 2.5.5

4.4 Hovudutval for samferdsle (1 sak)

4.4.1 Sak 31/14 – Kostnadar med installasjon av digitalt naudnett (TETRA) og digital radio (DAB) i tunnelar.

Vedtak:

1. Det skal installerast digitalt naudnett og DAB-radio i Høyangertunnelen samstundes med at tunnelen blir rehabilitert.
2. Kostnadsramma for utbetningsarbeidet blir auka til 208 mill. 2014-kroner. Dette skal dekkast innan ramma til drift og vedlikehald
3. Etablering av DAB-radio i andre tunnelar som får nytt digitalt naudnett, må vurderast i samband med samla plan for rehabilitering av tunnelar.

Vurdering

Punkt 1 til 3 i vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4.i delegerings- og innstillingsreglementet.

4.5 Hovudutval for kultur (1 sak)

4.5.1 Sak 19/14 - Lærdal gb.nr 45/49 – Synneva Eris hus, Husfred

Vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar eigar sitt ønskje om å bygge opp att ein eksteriørkopi av Synneva Eris hus. Dette samsvarar med kommunen sine ønskjer for attreising i Lærdal, er i tråd med gjeldande reguleringsplan og vil passe inn med dei verneverdige bygningane i området. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil også prioritere arbeidet med å gje fagleg råd og rettleiing til eigar i hans arbeid med oppattbygginga, og til Lærdal kommune i samband med deira arbeid med reguleringsplan- og byggesaksarbeid.
2. Attståande midlar løyvd til istandsetjing av husa på gb.nr. 45/29 i 2013 vert omdisponert til arkitekthjelp i samband med attreisinga av hus på eigedomen. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil og utfordre Riksantikvaren til å yte ytterlegare midlar til arkitekthjelp og byggleiing for å sikre høg kvalitet på attreisinga.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune set ut frå dette ikkje krav om att bygningane på gb.nr. 45/79 i Lærdal, Synneva Eris hus – Husfred , skal gjenreisast som dei opphavlege freda bygga, og ber Riksantikvaren oppheve fredingsvedtaket på gb. nr. 45/79 Synneva Eris hus – Husfred i Lærdal.

Saka var tidlegare handsama i sak nr 09/14 i møte 12.02.14 og vart då utsett..

Vurdering

Punkt 1 i vedtaket er i samsvar §2 i reglement for hovudutval for kultur.

Punkt 2 i vedtaket er i samsvar med punkt 2.5.7 i budsjettreglementet.

Punkt 3 i vedtaket er i samsvar med kap 3.9 i delegerings- og innstillingsreglementet..

5 Oppsummering

Revisor har vurdert vedtaka i 9 saker frå fylkesutvalet og hovudutvala, og har ikkje avdekket avvik. Revisor peikar på at vedtak og saksutgreiing i HPN-sak 27/14 ikkje er tydeleg med omsyn til kva restmidlar som skal nyttast til finansiering av tilskotet. Revisor fekk frå fylkeskommunen opplyst at tilskotet gjeld statlege midlar sett av til breiband.

Vedlegg 1 – Vurderingar av vedtak - Brev frå Deloitte AS

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ sekretariatet

21.09.2015

OVERSENDING AV VURDERINGAR KNYTT TIL VEDTAK FATTA I HOVUDUTVAL ELLER FYLKESUTVALET - revidert

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet sender Deloitte over vurderingar knytt til ni vedtak fatta i hovudutval eller fylkesutvalet i 2014.

Vurderingar **Fylkesutvalet**

Sak 12/14 Prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2014

Denne saka blei først handsama i hovudutval for kultur som ga tilråding om vedtak til fylkesutvalet. Deloitte har fått opplyst frå fylkeskommunen at grunnen til at fylkesutvalet fatta vedtak i denne saka mellom anna var at fylkesutvalet har mynde på deler av det området saka gjeld.

Vedtaket er i samsvar med punkt 4.2 i delegerings- og innstillingsreglementet.

Sak 48/14 Førde kommune – kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 -2026

Punkta 1-3 i vedtaket er i samsvar med punkt 3.37, i delegerings- og innstillingsreglementet.

«Sak 64/14 Utpeiking av kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS

På bakgrunn av tilbakemelding frå fylkesrådmannen har vi gjort fornya vurdering av dette vedtaket.

I saksutgreiinga knytt til saka står det at fylkesutvalet tidlegare har gjort vedtak om utpeiking av fylkeskommunale representantar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS, sist i sak 40/12 i fylkesutvalet. I fylkeskommunen si eigarmelding frå 2014 står det at fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjev tilråding til generalforsamlinga om val av styre. Fylkesordføraren fungerer som generalforsamling. Etter aksjelova § 6-3 vel generalforsamlinga styret. Vi antek at fylkesutvalet sitt vedtak er ei slik tilråding til generalforsamlinga som nemnd i eigarmeldinga. Vi kjenner ikkje til vedtak der det går fram at fylkesutvalet har mynde til å tilrå kven som skal sitte i styret i dette selskapet. Vi meiner likevel at gitt det arbeidsområdet som selskapet skal ha, er det naturleg at fylkesutvalet fattar vedtak der dei utpeiker kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS. Vedtaket er derfor i samsvar med punkt 4.1 i delegerings- og innstillingsreglementet, fjerde avsnitt.

Sak 121/14 Omklassifisering/endring av fylkesveg 121 i Vik som følge av utviding av Vik fengsel

Punkta 1-3 i vedtaket er i samsvar med punkt 3.8 i delegerings- og innstillingsreglementet.

Hovudutval for opplæring

Sak 7/14 Revidert utviklingsplan for pedagogisk- psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014-2017

Punkta 1-3 i vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4. delegerings- og innstillingsreglementet.

Hovudutval for plan og næring

Sak 27/14 Utvida tilskot til Solund kommune

Vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet punkt 2.5.5.

Etter revisjonen si vurdering er vedtaket og saksutgreiinga ikkje tydeleg med omsyn til kva restmidlar som skal nyttast til finansiering av tilskotet. Frå fylkeskommunen får revisjonen opplyst at tilskotet gjeld statlege midlar sett av til breiband.

Sak 62/14 Utviklingsavtale med HAFS 2014-2015

Punkt 1 i vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4.i delegerings- og innstillingsreglementet.

Punkta 2 og 3 i vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet punkt 2.5.5

Hovudutval for samferdsle

Sak 31/14 Kostnader med installasjon av digitalt naudnett (TETRA) og digital radio (DAB) i tunnelar

Punkt 1 til 3 i vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4.i delegerings- og innstillingsreglementet.

Hovudutval for kultur

Sak 19/14 Lærdal gb.nr.45/29 – Synneva Eris hus, Husfred

Punkt 1 i vedtaket er i samsvar §2 i reglement for hovudutval for kultur.

Punkt 2 i vedtaket er i samsvar med punkt 2.5.7 i budsjettreglementet.

Punkt 3 i vedtaket er i samsvar med kap 3.9 i delegerings- og innstillingsreglementet.

Med venleg helsing

Deloitte AS



Stein Ove Songstad

Partner

Vedlegg 2 – Uttale frå fylkesrådmannen



Sekretariatet for kontrollutvalet
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014 - fråsegn frå fylkesrådmannen

Eg viser til oversending frå kontrollsjefen 15.d.m.

Fylkesrådmannen har slik uttale til utkastet til rapport:

- **2.3 Uttale:** I utkastet heiter det at fylkesrådmannen har knytt kommentarar til tre punkt i rapporten. Dette stemmer ikkje. Fylkesrådmannen hadde då utkastet vart produsert ikkje knytt kommentarar til rapporten i det heile.
- **4.1.4 FU-sak 64/14: Utpeiking av kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS:** Fylkesrådmannen er ikkje samd i at delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1 er uklart formulert. Det er i tillegg irrelevant å trekkje inn kap. 4.1 tredje ledd, slik det er gjort i rapportutkastet. Tredje ledd regulerer utpeiking av representantar til generalforsamlingar (eigarutsendingar), ikkje utpeiking av styrerepresentantar, som det var tale om i FU-sak 64/14.

Som det framgår av kap. 4.1 fjerde ledd, er det fylkesutvalet eller eit av hovudutvala som er rett organ til å peike ut kandidatar til styre i selskap. Då Sogn og Fjordane Holding AS ikkje «naturleg høyrer under» eit av hovudutvala, ligg myndet til å utpeike styrekandidatar til dette selskapet til fylkesutvalet.

Utover dette har ikkje fylkesrådmannen merknader.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

